

M.H.M. 27/4. 120037

kronikk



Det var kun en del av de norske styrkene som overga seg i juni 1940. Det er derfor feil å snakke om Norges kapitulasjon, skriver historieprofessor **MAGNE SKODVIN** i sin kommentar til Torgrim Rolfsens kronikk 16. mars. Dagens kronikør forteller detaljert om begivenhetene forut for kapitulasjonsavtalen.

Var det Norge som kapitulerte?

«Norge kapitulerte 10. juni 1940». Slik står det i Torgrim Rolfsens kronikk «Til kamp mot historiefortielse» 16. mars. Det kan vere på sin plass å slutte opp om denne parolen, og minne om ei rekke opplysningar som bør først vidare til ettertida.

Etter den tyske framgangen på vestfronten måtte dei allierte evakuere store styrkar til England. Det offisielle talet på evakuerte frå Dunkerque i operasjon Dynamo, 26. mai til 4. juni, er 388 226: av dei var 112 000 franske. Storbritannia hadde bruk for kvar einaste soldat. Dei britiske, franske og polske styrkane i Norge vart og kalla tilbake.

Dette var Winston Churchills største dagar. Hans rolle er velkjend, men dei færreste kjenner til at han tala energisk for å halda striden oppe på dei norske slagmarker. Det fekk han ikkje medhald i. Britiske, franske og polske styrkar vart evakuerte frå Narvik-området.

Dermed var vidare norsk militær motstand umogleg. Det måtte gjerast ein avtale med tyskarane. Forhandlingane førde fram til avtalen i Trondheim 10. juni 1940. Denne utviklinga er lett å fylgje, på begge sider. La oss ta den tyske først:

Sjefen for Gruppe XXI, seinare Armeoberkommando Norwegen, general Nicolaus von Falkenhorst, var ved ho-

fullstendig militær kapitulasjon skal traktatfestast. Den er brukt i Versailles-traktaten etter første verdenskrig, og i den tyske kapitulasjon i Reims 7. mai 1945, i den italienske fredstraktaten, Paris 1947, i den bulgarske same dag, og ved våpenstillstanden i Korea, Panmunjom 27. juli 1953.

Mest representativ i vår samanheng er vel den tysk-franske våpenstillstanden frå 22. juni 1940, altså tolv dagar etter Trondheimsavtalen. Der lyder den tilsvarande formuleringa slik: «Die französische Wehr-

macht zu Lande, zu Wasser und in der Luft...», og like eins i den fransk-italienske avtalen, signert to dagar seinare.

Dersom denne formuleringa hadde stått i Trondheimsav-

talen, så var det ingen tvil. Norge hadde kapitulert. Men det skjedde ikkje. For å forklare dette, må vi fylgje utviklinga på den norske sida.

I regjeringskonferanse den 3. juni vart det avgjort at Regjeringa skulle flytte over til Storbritannia, ta med seg dei restane av norske styrkar som det syntest rådeleg å velje ut,

straks gjekk til Trondheim, til Oslo og til Tyskland. Den vanlege «Morgenmeldung» til Oberkommando der Wehrmacht opplyste at ein representant for den norske overkommandoen var komen til Narvik-gruppa om natta for å føre dei regionale forhandlingane.

Så langt Dietls kvarter til denne tid hadde oversikt, la forhandlarane avgjerande vekt på at krigen varde ved, trass i at stridane i Norge var innstilte. Dette vart understreka ved at dei norske sjø- og luftstridskrefter hadde forlate landet saman med dei allierte:

«Soweit bisher zu übersehen, legen die Unterhändler entscheidenden Wert darauf dass trotz der Einstellung der Kämpfe in Norwegen der Krieg fortbauert. Dies wird dadurch unterstrichen, dass die norwegischen Sec- und Luftstreitkräfte mit den Alliierten Norwegen verlassen haben.» (Slik det ser ut førebels, legg forhandlarane avgjerande vekt på at til tross for at kampene i Norge er innstilt, fortsetter krigen. Dette understrekes ved at dei norske sjø- og luftstridskrefter har forlatt Norge saman med dei allierte.)

Den delen av instruksjonen som handla om at Norge som stat framleis var i krig med Tysk-

«Dei norske forhandlarane skulle ha uavgrensa fullmakter, dvs. dei skulle på staden underskrive utkastet, og kunne ikkje rådføre seg med høgare norske militære»

vudkvarteret sitt i Oslo, men hadde sendt stabssjefen, oberst Erich Buschenhagen, til Trondheim, med ein liten spesialstab. Det var disse som nå fekk i oppdrag å føre forhandlingane frå tysk side. Dei venta tydeleg ingen spesielle problem. Norge hadde tapt krigen. Dette skulle stadfestast i korrekte former, med ein avtale etter vanleg mønster.

Den måtte underskrivast av dei to overkommandoane, og Falkenhorst ville sjølv kome til Trondheim. To norske forhandlarar skulle sendast, den eine til general Eduard Dietl, i Narvik-området, for avtale om lokale spørsmål, den andre til Trondheim for å underskrive hovudavtalen. Falkenhorst gjorde det klart at der var ingen prutningsmon, hans krav var «ultimative».

Dei norske forhandlarane skulle ha uavgrensa fullmakt, dvs. dei skulle på staden underskrive utkastet, og kunne ikkje rådføre seg med høgare norske militære eller politiske instansar. Frå Tyskland hadde Gruppe XXI fått relativt frie hender. Denne instruksjonen kom fram til Trondheim 9. juni klokka 16.30.

Eit første utkast til avtale vart straks utarbeidd, og nådde Oslo same kvelden klokka 20.30. Det vart drøfta der, og sjølvstundt grundig studert av Falkenhorsts rådgjevar i rettsspørsmål, Armeerichter dr. Dobinsky. Det kom inn eit par justeringar, men ingen spesielle endringar, og utkastet gjekk attende til Trondheim klokka 22.15.

Der stod det i paragraf 1: «Die norwegischen Streitkräfte zu Lande, zu Wasser und in der Luft legen die Waffen nieder...» (Dei norske stridskreftene til lands, til vanns og i luft legg ned våpna) osv.

Dette er velkjent og veldefinert traktatspråk. I lett skiftande former er det den faste vending når ein

byggje opp nye styrkar ute, og føre krigen vidare frå utlandet. Avgjerda vart formelt stadfest i statsråd 5. juni, og difor rekna Undersøkelsskommissjonen av 1945 dette som den avgjerande datoen.

General Otto Ruge valde dei to norske utsendingane som Falkenhorst hadde kravt, oberstløytnant Wrede Holm til Narvik og oberstløytnant Roscher Nielsen til Trondheim. Han gav dei eit mandat, som Wrede Holm straks skreiv ned. Det lyder slik:

«1. Legg ikkje skjul på at vi er i deres makt og er under full demobilisering. 2. Skal meddele at Kongen og regjeringen samt marinen og flygevåpenet har forlatt landet og at Norge som stat er og fremdeles vil være i krig med Tyskland, men at general Ruge har fullmakt til å ordne alt som gjelder tyskerenes overtagelse av den faktiske makt i Nord-Norge.»

Ruge kunne ikkje gje den uavgrensa fullmakt som Falkenhorst kravde, for den hadde han ikkje sjølv. Han måtte halde seg innanfor den fullmakt han hadde frå Kongen i statsråd.

Wrede Holm kom til Narvik natt til 10. juni og var den første som utførte oppdraget. Han heldt seg nøye til Ruges instruks. Dette går fram av den tyske meldinga som

land, las Wrede-Holm opp for Dietl i tysk omsetjing før forhandlingane tok til. Flyet med Roscher Nielsen nådde ikkje Trondheim før 08.50. Då var tyskarane der orientert, frå Narvik, om den nye situasjonen. Roscher-Nielsen hadde rekna med å gå så godt som rett til eit møte, men måtte venta i fleire timar. Han undra seg litt over dette.

Forklaringa er at i desse timane vart traktatutkastet omarbeidd. Det var klart at norske stridskrefter kom til å halde fram med å bruke sine våpen. Dei var utanfor tysk

kontroll, og hadde sin handlefridom. Skrøpelege som dei var, representerte dei framleis den krigførande norske stat. Dermed var paragraf 1 i det tyske traktatutkastet urea-

listisk. Paragraf 1 fekk nå denne forma:

«Die gesamten norwegischen Streitkräfte...» (dei samla norske stridskrefter) osv. Det er denne omformuleringa som har fått så mykje blekk til å flyte. Det burde ikkje vere nødvendig. Dei norske sjø- og luftstridskrefter kunne ikkje avvæpnaast med ein paragraf. Utkastet måtte endrast på dette punktet.

Konklusjonen gjev seg sjølv: Trondheimsavtalen 10. juni er ein kapitulasjonsavtale for dei

norske styrkane som på det tidspunktet var på tyskkontrollert norsk område, og ingen andre. I den tyske sluttmeldinga om felttoget i Norge står det då og med reine ord: «die gesamten, noch vorhandenen norwegischen Streitkräfte»

(dei samla, ennå beståande norske stridskrefter). Norge som stat førde krigen vidare, og kapitulerte aldri.

«Skal meddele at Kongen og regjeringen samt marinen og flyvåpenet har forlatt landet og at Norge som stat er og fremdeles vil være i krig med Tyskland»



«Ingen pruting». De tyske generalene Nikolaus von Falkenhorst (t.v.) og Eduard Dietl ledet forhandlingene om kapitulasjonsavtalen med gjenværende norske styrker. FOTO: FORSVARSMUSEET